



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Levekårsutvalet



Møtedato: 28.04.2026
Møtetid: 13:00 -17:00
Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Hammer Aarland	Leiar	KRF
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Renathe Tangen	Medlem	V
Synne Thunestvedt	Nestleiar	SV
Tonje Kleppe Yddal	Medlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær, Aleksander Bergli

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur, Olaf Hella

Kommunalsjef helse, omsorg og sosial, Kristin Ruud Myking

Rådgjevar, Øystein Njåstad orienterte om Omsorg+

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 15/26	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 16/26	Godkjenning av møtebok 17.03.2026
RS 8/26	Signert revidert særavtale til tenesteavtale 7 - Samarbeidsavtale om utlysing og tilsetjing av LIS1 i Helsefellesskapet i bergensområdet ref.sak 2026/5608
RS 9/26	Årsmelding Nh legevakt - 2025
RS 10/26	Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026
PS 17/26	Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevern 2026.
PS 18/26	Kvalitetsmelding for skule 2025 -2026
PS 19/26	Skjenketider under VM i fotball 2026
PS 20/26	Andre saker/Spørsmål

Bjarte Hammer Aarland

Utvalsleiar

PS 15/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 15/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 15/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

PS 16/26 Godkjenning av møtebok 17.03.2026

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 16/2026 Godkjenning av møtebok 17.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 17.03.2026 vert godkjend.

Merknad: Jorun Holsen og Svein Nestun var til stades på førre møte og må førast inn i protokollen.

Votering:

Møtebok frå 17.03.2026 vart samrøystes godkjend.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 16/2026 Godkjenning av møtebok 17.03.2026:

Møtebok frå 17.03.2026 vart godkjend.

RS 8/26 Signert revidert særavtale til tenesteavtale 7 - Samarbeidsavtale om utlysning og tilsetjing av LIS1 i Helsefellesskapet i bergensområdet ref.sak 2026/5608

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 8/2026 Signert revidert særavtale til tenesteavtale 7 - Samarbeidsavtale om utlysning og tilsetjing av LIS1 i Helsefellesskapet i bergensområdet ref.sak 2026/5608:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 8/2026 Signert revidert særavtale til tenesteavtale 7 - Samarbeidsavtale om utlysning og tilsetjing av LIS1 i Helsefellesskapet i bergensområdet ref.sak 2026/5608:

Teken til vitande.

RS 9/26 Årsmelding Nh legevakt - 2025

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 9/2026 Årsmelding Nh legevakt - 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 9/2026 Årsmelding Nh legevakt - 2025:

Teken til vitande.

RS 10/26 Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 10/2026 Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 10/2026 Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026:

Teken til vitande.

PS 17/26 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevern 2026.

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 17/2026 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevern 2026.:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek tilstandsrapport for barnevernet 2025 til orientering. Heradsstyret ber om at peika innsatsområde vert følgt opp i vidare arbeid, særleg innan førebygging, ettervern og tidleg innsats.

1. Ta rapporten til vitande utan vidare oppfølging
2. Ta rapporten til vitande og be om oppfølging av prioriterte innsatsområde

Votering:

Kommunedirektøren sitt alternative forslag 2 til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 17/2026 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevern 2026.:

Heradsstyret tek tilstandsrapport for barnevernet 2025 til vitande og ber om oppfølging av prioriterte innsatsområde.

PS 18/26 Kvalitetsmelding for skule 2025 -2026

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 18/2026 Kvalitetsmelding for skule 2025 -2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmelding for skule vert teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 18/2026 Kvalitetsmelding for skule 2025 -2026:

Kvalitetsmelding for skule vart teken til vitande.

PS 19/26 Skjenketider under VM i fotball 2026

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 19/2026 Skjenketider under VM i fotball 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vel eitt av desse framlegga:

1. Utvida skjenketid i tidsrommet 02:00 – 03:00 for skjenkestader som viser kampane der Noreg spelar, og sluttspilet:

Dette alternativet inneber at skjenkestader kan opna for skjenking av alkohol i tidsrommet 02:00 – 03:00 i dei kampane der Noreg deltek, samt i sluttspilet. Tiltaket kan bidra til auka trivsel og næringsaktivitet ved sentrale kampdagar, samtidig som den samla risikoen for ordensforstyrringar og belastning på politi og helsevesen blir halden lågare enn ved ei generell utviding.

2. Utvida opningstid utan utvida skjenketid:

Ved å tillate skjenkestader å halde ope utover ordinær tid, men utan moglegheit for å skjenke alkohol etter gjeldande skjenkestopp, blir publikum gitt høve til å sjå kampar som blir sendt seint, utan at det aukar total alkoholkonsum. Dette kan bidra til mindre støy og ordensforstyrringar. Samtidig kan ordninga vere lite økonomisk attraktiv for næringa, då det inneber fleire driftstimar utan skjenkesal. Den kan også skape misnøye hos enkelte gjester som ventar alkoholservering gjennom heile arrangementet.

3. Inga utvida skjenke- eller opningstid:

Dette alternativet vil gi føreseielegheit for både næringsliv, bebuarar, politi og kommunen. Det inneber ingen auke i risiko for ordensforstyrringar, støy eller helseutfordringar på skjenkestader, og kan derfor vurderast som det mest konservative og tryggaste alternativet. Ei ulempe er at kommunen då ikkje møter ønsket frå næringa og publikum om å utnytte potensialet for utvida skjenketid under eit stort internasjonalt arrangement. Dette kan føre til økonomisk tap for skjenkestadene og auka privat festverksemd, som også kan føre til ordensforstyrringar.

Votering:

Alternativ 1 vart sett opp mot alternativ 3.

Alternativ 3 vart vedteke med 3 røyster (KrF, SV og Sp), medan alternativ 1 fekk 2 røyster (FrP og V).

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 19/2026 Skjenketider under VM i fotball 2026:

Dette alternativet vil gi føreseielegheit for både næringsliv, bebuarar, politi og kommunen. Det inneber ingen auke i risiko for ordensforstyrringar, støy eller helseutfordringar på skjenkestader, og kan derfor vurderast som det mest konservative og tryggaste alternativet. Ei ulempe er at kommunen då ikkje møter ønsket frå næringa og publikum om å utnytte potensialet for utvida skjenketid under eit stort internasjonalt arrangement. Dette kan føre til økonomisk tap for skjenkestadene og auka privat festverksemd, som også kan føre til ordensforstyrringar.

PS 20/26 Andre saker/Spørsmål

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 20/2026 Andre saker/Spørsmål:

Vedtak i Levekårsutvalet - 28.04.2026 av sak 20/2026 Andre saker/Spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.